



## **Referat styremøte måndag 05.03.18. kl. 1830 -2030 i Naustdalshallen**

### **Desse møtte:**

Dag-Rune Mallasvik, Torgeir Herstad, Karianne Øygard, Siss-May Edvardsen, Ole Jonny Klopstad, Håkon Svoen og Vidar Slettehaug

### **Sak 04/18 Årsmøte**

Saksliste vert annonsert ei veke før årsmøtet i Firda og på heimeside.

### **Sak 05/18 Skifte av banedekke på Naustdal Stadion**

Tambarskjelvar har søkt Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om kr. 200.000,-. Tambarskjelvar har garantert for kr. 758.000,-. Søknad frå Tambar til kommunen på kr. 1,3 mill. i anlegget, slik at Tambarskjelvar sin garantisum kan reduserast kraftig.

### **Sak 06/18 Tambarvatn**

Tambarskjelvar har kjøpt inn nytt parti. Grupper som hentar vatn på kommunehuset, må hugse å skrive seg opp på skjema som ligg på kommunehuset.

### **Sak 07/18 Kommunal tilsetting ny person til drift av hallane**

Torill Reiakvam Savland er tilsett i stillinga. Det skal etablerast stillingsinstruks – her må Tambarskjelvar gi innspel til kommunen.

### **Sak 08/18 EM i vektløfting**

Generalforsamling i veke 11 med oppløysing av AS'et. Aksjekapital på kr. 30.000.- vert tilbakeført til Tambarskjelvar.

### **Sak 09/18 Idrettsråd for dei kommunane som skal slåast saman**

Orientering om møta som har vore. Arbeider med oversikt over eksisterande anlegg i kvart idrettslag, med tilhøyrande kostnader. Styret i Tambarskjelvar må velje ein representant som skal vere representert i Idrettsrådet.

### **Sak 10/18 Innsamla midlar til byggested II Naustdal Stadion**

Midlane står på eigen konto. Styret ynskjer å få desse midlane synleggjort i rekneskapet. Konto vil difor verte overført til Idrettslaget. Kontonr 3705 20 21406

### **Sak 11/18 Sunnfjord Triatlon**

Tambarskjelvar arbeider med å få til eit samarbeid med Førde ck (og Flora ck) med tanke på utdanning av vaktpersonale til arrangement.

- Stasjonær vakt. Tambarskjelvar har utdanna 20 personar på dette nivået.
- Løypevakter. Kurs består av e-læring og klasseromsundervisning. Instruktørkurs 15 mars i Sogndal for å kunne utdanne løypevakter – Vidar Slettehaug deltek.
- Mobil løypevakt
- Motorsykkel/Ledebil

Arrangementsdato 16.juni 2018.

Ting tidtakarsystem (Dag-Rune).

Telt (Torgeir), Musikk (Karianne/Siss-May), Sponsorjobb (Ole-Jonny).  
Rittleiar (Vidar finn eigna person).